



Så mange møtte det fram på diskoteket for dei eldre hausten 2007. Biletet vart teke i oktober. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Haustaktiviteten rullar i gong både her og der i bygda og fredag kjem turen til Helgheim. Då startar det etterkvart tradisjonsrike barnediskoteket i regi av ungdomslaget ein ny sesong.

Karianne Halvorsen fortel til uskedalen.no at det som før blir diskotek-kveld ein gong i månaden. Dei har engasjert det nystarta "Rosendal lyd og lys" til å ta seg av det som har med lys og lyd å gjera og erfaringane med dei frå sist sesong er gode, seier Karianne.

Som før er diskoteket delt i to avdelingar. Dei yngste, som går i dei fire lågaste klassene, møter klokka 17.30 og held på til klokka 19 medan dei frå femte til sjuande klasse startar 19.15 og dansar fram til 22.00.

Frammøtet på pulja for dei eldre er som regel bra – det er vanleg at det kjem rundt 30. Men Karianne ønskjer at det kjem fleire av dei yngre.

Av Ola Matti Mathisen